

Fråsegn til ny forskrift om opptak til høgre utdanning

Direktøren sitt framlegg 14.12.06

Høgskulen i Sogn og Fjordane stør hovudtrekka i forslaget til ny forskrift og til framlegga om forenkling av gjeldande regelverk. Denne vurderinga byggjer på ei oppfatning om at alle grunnutdanningar bør ha same rangeringsregelverk, og at reglane for tildeling av tilleggspoeng for fagleg fordjuping og bonuspoeng bør fjernast slik at opptaksregelverket blir meir oversiktleg for søkjarane og gir best mogeleg vilkår for lik og korrekt handsaming av søkjarane.

Til § 2-1 Kvalifikasjonskrav for "23/5-søkjarar"

23/5-regelen føreset at søkjaren er minst 23 år gamal, har bestått karakter i seks kjernefag frå vidaregåande skule og kan framvise dokumentasjon på fem år heiltids arbeidspraksis og/eller utdanning.

Høgskulen i Sogn og Fjordane stør *alternativ 2* som inneber at kravet om 5 års arbeidserfaring/utdanning fell bort ved bruk av 23/5-regelen. Grunngevinga er at dokumentasjonskravet har vore vanskeleg å handtere både for søkjarar og opptaksorgan. Når kravet om dokumentert arbeidspraksis fell bort, vil søknadsprosedyrane bli forenkla både for søkjarar og opptaksorgan, utan at det er grunn til å rekna med at kvalifikasjonsgrunnlaget vert vesentleg svekka.

Til 4.1 c) Spesielle opptakskrav for informatikk, realfag, natur- og miljøfag

Høgskulen i Sogn og Fjordane viser til at dei spesielle opptakskrava for desse studia har medført ei svekking av rekrutteringa til nokre studium, og at kravet slik det er formulert er så generelt at det også blir gjort gjeldande for utdanningar som ikkje er reine informatikk, real- eller naturfag. Høgskulen viser vidare til at elevar frå vidaregåande skule etter ny struktur får ein høgre minstekompetanse i matematikk enn før. Ut frå dette meiner høgskulen at det bør vere opp til den einskilde institusjon å vurdere kor vidt det er behov for å stille spesielle opptakskrav til desse utdanningane.

Til 4.1 d), punkt 4 Spesielle opptakskrav til treårig ingeniørutdanning

Framlegget til ny forskrift foreslår å vidareføre tilleggskravet om matematikk for søkjarar med teknisk fagskule som søkjer opptak til integrert masterstudium i teknologiske fag. Høgskulen i Sogn og Fjordane meiner at dette kravet også bør gjelde treårig ingeniørutdanning.

Til § 4-1 g), punkt 1 Spesielle opptakskrav til lærarutdanningar

Allmennlærarutdanninga har i dag særskilde opptakskrav som inneber at søkjarar må ha karakteren 3 i matematikk og norsk og minst 35 skulepoeng. Skulepoeng er summen av karakterpoeng, fordjupings-, bonus- og realfagspoeng.

Høgskulen i Sogn og Fjordane vil først gjere merksam på at framlegget om vidareføring av kravet om 35 skulepoeng for opptak til allmennlærarutdanninga i realiteten inneber ei skjerping av dette kravet. Årsaka til det ligg i endringane i rangeringsregelverket (§ 7), som medfører at det blir færre tilleggspoeng å oppnå i form av fordjupings- og bonuspoeng.

På grunn av styrkinga av matematikkfaget i *Kunnskapsløftet*, meiner Høgskulen i Sogn og Fjordane vidare at det er naturleg å avvike det særskilde matematikkkravet for opptak til allmennlærerutdanninga. Med dagens regelverk blir det gjeve unntak frå matematikkkravet for søkjarar som har bestått matematikk frå VKI eller VKII, til dømes 2MZ. Fordi omfanget av matematikkfaget blir vesentleg auka med *Kunnskapsløftet*, vil alle søkjarar som får generell studiekompetanse etter innføringa av den nye modellen ha kompetanse i matematikk som tilsvarar bestått i faget 2MZ.

Høgskulen i Sogn og Fjordane meiner elles at dei særskilde opptakskrava som blir gjeldande for allmennlærerutdanninga også må gjelde den 5-årige integrerte lærarutdanninga.

Til § 6 Politiattest

Det er i § 6 i noverande forskrift krav om politiattest ved opptak til utvalde utdanningar. For HSF sin del gjeld dette:

- Allmennlærerutdanninga
- Praktisk pedagogisk utdanning
- Førskulelærerutdanninga
- Barnevernspedagogutdanninga
- Sosionomutdanninga
- Friluftsliv
- Idrett

Departementet foreslår at ordninga no skal gjelde alle utdanningar av helse- og sosialpersonell som yter tenester til barn og personar med utviklingshemming. Formålet med endringane er å auke vernet av desse gruppene.

Høgskulen i Sogn og Fjordane stør framlegget og reknar med at kravet om politiattest om kort tid også vil gjelde sjukepleie- og vernepleieutdanningane.

Til § 7-2 Førstegongsvitnemål

Primærvitnemål heiter etter Kvalitetsløftet *førstegongsvitnemål*. Søkjarar som ikkje fyller meir enn 21 år i opptaksåret og som har fullført vidaregåande opplæring på normert tid utan å ta opp att eksamenar for å forbetre karakter, konkurrerer om studieplass i ei eiga kvote for førstegongsvitnemål. Etter dagens ordning er 40% av studieplassene øyremerkt denne kvoten. Unntaket er medisinerutdanning der søkjarar med førstegongsvitnemål får 50% av studieplassane. Departementet foreslår å utvide kvoten for førstegongsvitnemål slik at desse søkjarane blir tildelt 50% av studieplassane på alle utdanningar.

Høgskulen i Sogn og Fjordane stør forslaget om å utvide kvoten for søkjarar med førstegongsvitnemål. Dette vil vera med å styrke vidaregåande opplæring og motivere elevane til å gjennomføre utdanninga på normert tid.

Til § 7-3 Spesielle kvoter

Høgskulen meiner ordninga med kvote for forkurs til ingeniørutdanninga bør haldast oppe.

Til § 7-4 Poengrekning for søkjarar med meir enn eitt rangeringsgrunnlag

23/5-regelen gir i dag høve til at søkjarar med generell studiekompetanse også kan poengreknast etter 23/5-regelen. Søkjaren får dermed konkurransepoeng på det grunnlaget som gir gunstigast resultat for den einaskilde.

Høgskulen i Sogn og Fjordane meiner denne ordninga bør vidareførast. Grunngevinga er at det i vaksen alder bør vere mogleg å kvalifisere seg for høgre utdanning utan å måtte gjennomføre full vidaregåande skule på nytt.

Til § 7-5 Karakterpoeng for søkjarar med treårig vidaregåande opplæring

Departementet foreslår at å ta bort gjeldande ordning med fordjupingspoeng for visse fagkombinasjonar frå studieretning for allmenne, økonomiske og administrative fag. Det same gjeld ordningane med bonuspoeng for søkjarar frå studieretning for musikk, dans og drama. Departementet si hovudgrunngeving er at krava til fagleg fordjuping er vesentleg skjerpa i Kunnskapsløftet. Elevar i dei studieførebuande utdanningsprogramma må såleis ha to fordjupingar innan same programområde.

Høgskulen i Sogn og Fjordane støtt departementet sine vurderingar. Det gjeld også i forhold til framlegget om ein forenkla utrekningssmåte for gjennomsnittskarakter og karakterpoeng.

Til § 7-8 Realfagspoeng

I framlegget til ny forskrift er ordninga med realfagspoeng foreslått vidareført. Men avdi fordjupingspoenga er fjerna for alle andre fag, er det foreslått ein reduksjon til fire tilleggspoeng for maksimal fordjuping i realfag. Det er også ei endring med at dei tyngste realfaga (matematikk og fysikk) på høgste nivå gir størst uttelling.

Høgskulen i Sogn og Fjordane ser behovet for å stimulera unge menneske til å velja realfag. Likevel er høgskulen skeptisk til ordningar som kan invitera elevar i vidaregåande opplæring til å gjera strategiske fagval som ikkje er i samsvar med føresetnadane deira.

Høgskulen i Sogn og Fjordane foreslår at realfagspoenga anten berre skal gjelde i samband med opptak til dei realfaglege utdanningane, eller at ordninga med realfagspoeng blir snevra inn til faga matematikk og fysikk, der rekrutteringa opplagt er dårlegare enn det som er ønskjeleg. Nivået på realfagspoenga må også vurderast. Det må ikkje vera slik at det løner seg å ta eit realfag med dårleg karakter framfor å velja eit fag som ein har betre føresetnader for.

Til § 7-11 Tilleggspoeng for høgre utdanning med meir

Etter dagens forskrift får ein tre tilleggspoeng for:

- Eit fullført årsstudium eller samla 60 studiepoeng ved universitet eller høgskule
- Eitt år på folkehøgskule
- Fullført militær førstegongsteneste eller sivilteneste

Høgskulen i Sogn og Fjordane foreslår at ordninga blir ført vidare, men at tilleggspoenga for kvalifikasjonane ovanfor blir redusert til totalt 2 poeng, slik departementet foreslår.